

# **Forskrift om bruk av og orden i hamner og farvatn for Aurland kommune, Sogn og Fjordane**

**Heimel:** Fastsatt av Aurland kommunestyre (dato) med heimel i lov 17. april 2009 nr. 19 om hamner og farvatn (havne- og farvannsloven) § 14 første ledd og § 42 første ledd. Godkjent av Kystverket sitt hovudkontor ..... (dato) jf. forskrift 2. november 2012 nr. 1040 om bruk av mal og godkjenning av kommunale forskrifter om orden i og bruk av farvatn og hamner.

## **§ 1. Formål**

Forskrifta gjev reglar om orden i og bruk av hamner og farvatn for å ivareta omsynet til effektiv og sikker hamneverksemd, god tilkomst, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet.

## **§ 2. Virkeområde**

Forskrifta gjeld offentlege og private hamner og sjøområdet til Aurland kommune. I hovud- og bilei gjeld Forskrifta berre innanfor hamneavgrensingane i hamner fastsatt i forskrift 30. november 2009 nr. 1477 om farleier § 2 andre ledd vedlegg 1.

## **§ 3. Krav ved opphald i hamn og ved kai**

Når fartøyet ligg ved kai, skal ingen av propellane brukast før direkte før fartøyet skal gå. Det same gjeld andre typar framdrifts- og manøvreringsmiddel. Under manøvrering til og frå kai skal skipet manøvrerast forsiktig slik at propellvatnet ikkje medfører skade.

Når fartøyet ligg ved kai skal fartøyet sine utløpsopningar som vender mot kai og andre fartøy, være forsvarleg stengt så spillvatn, damp e.l. ikkje medfører fare eller er til unødig sjenanse. Fartøyet skal heller ikkje sleppa ut sot eller røyk som kan medføre skade eller være til unødig sjenanse for hamneverksemda.

Hamneadministrasjonen kan forby vedlikehaldsarbeid eller annen aktivitet i hamna dersom det er nødvendig for effektiv eller sikker hamneverksemd.

## **§ 4. Pålegg om taubåtassistanse, forsvarlig fortøyning, oppankring og flytting**

Hamneadministrasjonen kan påleggja bruk av taubåt eller fortøyningsassistanse dersom dette er naudsynt av omsyn til trygg ferdsel eller sikker hamneverksemd.

Hamneadministrasjonen kan gi pålegg om fortøyning eller oppankring dersom dette er nødvendig av omsyn til trygg ferdsel eller sikker hamneverksemd.

Hamneadministrasjonen kan pålegge et fartøy å flytte seg fra anvist plass dersom det er nødvendig av omsyn til trygg ferdsel, sikker eller effektiv hamneverksemd.

## **§ 5. Plikt til å varsle om skade**

Den som har er årsak til skade på hamner, hamneanlegg eller innretningar skal snarest rå melda frå til hamneadministrasjonen om skaden.

## **§ 6. Krav om løyve for å dykka**

Dykking i følgjande områder krev løyve frå Hamneadministrasjonen:

a) .....

b) .....

Dykking for å berge liv eller verdier som ikkje kan vente til løyve er gjeve, kan likevel gjennomførast. I slike tilfeller skal det snarest rå meldast frå til hamneadministrasjonen om dykkingen.

#### § 7. *Luftfartøy*

Luftfartøy kan berre landa og starta i

a) Aurlandsfjorden innanfor område som vert danna av rett line mellom

Flenes (posisjon N 60°56,29' E 007°9,29') og utløpet av Nisåna (posisjon N 60°57.09' E 007°10.60') og rett line mellom

Flugandefossen (posisjon N 60°54,38' E 007°8,92') og Otnes (Posisjon N 60°54,21' E 007°10,31')

b) .....

#### § 8. *Krav ved passering*

#### § 9. *Forbud mot snøtømming*

#### § 10. *Andre reguleringar*

#### § 11. *Unntak i særlege tilfeller*

Hamneadministrasjonen kan i særlege tilfeller gjere unntak fra § 3, § 6, § 7, § 8, § 9 og § 10.

#### § 12. *Reaksjonsmidler og straff*

Ved brot på denne Forskrifta sine avgjersler eller vedtak fatta i medhold av den, gjeld avgjerslene i hamne- og farvassloven kapittel 10 så langt dei passar.

Vesentleg brot på § 4, § 6, § 7, § 8, § 9 og § 10 kan straffast med bøter etter lov 17. april 2009 nr. 19 om hamner og farvatn § 62.

#### § 13. *Trer ikraft*

Forskrifta trer i kraft ..... (dato).

Fra samme tidspunkt opphevast «Forskrift om orden i og bruk av farvatn og hamner, Aurland kommune, Sogn og Fjordane av 2009-12-17»